

HØYRINGSUTTALE UTKAST TIL ENDRINGAR I LOV OG FORSKRIFT OM FILM OG VIDEOGRAM - FILMKONTROLLGEBYRET

Etne kino er medlem i Norsk Kinoforbund.

I saker som kan få så store konsekvensar for kinoane i Noreg er det underleg at korkje kinoane/ eigarane, Film & Kino, Norske Kinosjefers Forbund eller vårt forbund er inviterte til å komme med høyringsssvar.

Sidan fristen no er utsett vil Etne Kino nytte høve til å kommentere høyringsbrevet frå Kulturdepartementet av 19. oktober 2012 med framlegg til endringar av filmkontrollgebyret.

Etne kino er ein liten kino som gjorde store investeringar i 2011 for å ta spranget frå analog til digital kino. Me ser med uro på at det no er nye kostnader som kan / vil ende opp på bordet til den lokale kinoen. I så fall er det kroken på døra for mange av oss. Framlegget verkar særst lite gjennomtenkt og gjer at vi sit med mange spørsmål m.a.:

- *Ligg det ei evaluering / vurdering av organiseringa / arbeidsmengda til Medietilsynet til grunn for framlegget? Er det mogleg å drifte Medietilsynet for eit mindre beløp enn 5,5 millionar?*
- *Kvifor eit kopigebyr / premieregebyr?*
- *Kvifor skal distributørane og dermed kinoane betale denne kostnaden?*
- *Har nokon hatt kinoane i tanken i dette arbeidet? Slik vi les utredninga er det her ein total mangel på innsikt i kinolandskapet og kva som må til for å oppretthalde kinostrukturen i Noreg.*
- *Har de vurdert seriøst andre måtar å finansiere tilsynet på?*

Det var eit politisk ønske om å oppretthalde kinostrukturen i Noreg dvs. å kunne halde fram med eit lokalt kinotilbod til innbuarane. Kinoane vart førespegla at fleire sider ved kinodrifta skulle bli enklare, meir rasjonelle og føre til betre filmtilbod for alle kinoane. I starten såg det lovande ut, men etter kvart strammar det seg til med auke i filmleige og uventa praktisering av VPF. Vi ser at avgifter knytt til kvar oppsetting ikkje gagnar dei småe kinoane. Dersom filmdistributørane må betale 700 kroner for kvar oppsetting, vil det ikkje lønne seg for filmbyråa å sette opp film på småe og mellomstore kinoar. Dersom summen vert belasta kinokopien, vil det bli for dyrt for kinoane å ta inn filmen. Dette vil svekke repertoaret på desse kinoane og vi fryktar at dette også vil gå ut over dei småe (perlene) og mellomstore filmene. Vi vil peike på at det er desse filmene som gir kinoane legitimitet som seriøse kulturaktørar i lokalsamfunna.

Vår konklusjon: Dersom gebyret havnar på kinoane sitt bord betyr det kinodød i Distrikts-Noreg!

Med beste helsing
Etne kino

Berit Rafdal
kinosjef